

KYRKJEBLADET

67. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 2/2013

Andakt Side 3

Slekters gang Side 19

Gudstenesteliste Side 20

Omsider blir det sommer!



**Anny laga messehaker til
Stamnes kyrkje**

Side 4-5

Konfirmantar 2013

Side 6-9

www.vaksdal.kyrkja.no

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag kl. 11.00-14.00

Kyrkjevevje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjevevja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

E-post: edvarboe@online.no

Postboks 113, 5721 Dalekvam

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltlf. 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: frode.kvamsoe@gmail.com

Kantorane Olav Arne Steinkopf og

Tone Synnøve Øygaard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Infrmasjon om gudstenester, konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på www.vaksdal.kyrkja.no

Bilete på framsida:

Frå gudstenesta i Agnavika på Stanghelle siste sundagen i mai.

Oppskrift på dugnad

Finst det oppskrift på dugnad? Det er oppskrifter på brød, kaker, og slanking, men eg har ikkje funne på dugnad. Kvifor? Kanskje det sit i ryggmargen hjå oss? Norske kvinner og menn har i alle år gjort dugnadsarbeid. Reinsjakt, hausting av høy og havre, bygging av hus, ungdomshus, løer og låvar, til og med kyrkjer. Halvparten av kyrkjene i Vaksdal er bygde på dugnad. Korleis klarte dei det? Det var ikkje berre naud. Dei tre ungdomshusa som vart oppførte i Stamnesbygda hadde nok eit anna føremål enn matauke. Det var mykje meir liv og lyst undervegs enn ein kanskje ser for seg i dag. Mange har sett klisjeane om dugnader i burettslag, med riktig store negative forteikn. Dugnad var, og er ein del av kulturen vår, sjølv om den i dag står sterkare i andre land enn i Noreg.

Men så var det sjølve oppskrifta, då. Når dugnaden er gjort, skal ein sitje att med noko. Jamfør oppskrifta. Eit brød, kake, slanke lår, eller ei kyrkje. Ein skal sjå framgang. (deigen veks, hekken minkar.) Det skal vere triveleg undervegs. Lukta av nybakt brød. Å oppnå eit mål: Det vert mat i dag og.

Eg etterlyser ei oppskrift på dugnad. Heilt på alvor. Kva skal gjerast for å få oss til å hoppe i kjeledressen, eller i bilen, eller i målingspannet? Det står meir om dugnad inne i bladet. Har du ei god oppskrift? Del den med oss!

Fellesrådsleiar:

Roy Steinsland

tlf. 474 15 293

Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Svein Hovlandsdal

tlf. 951 72 152

Dale: Eli Kringlebotten

tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925

Bergsdalen: Ragna Lid

tlf. 56 59 89 20 / 938 97 044

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Geir Høvik

tlf. 56 59 66 49

Nesheim: Frøydis Gullbrå

tlf. 56 59 52 77

Den norske kyrkja si heimeside:

www.kyrkja.no

Björgvin bispedømme si heimeside:

www.kyrkja.no/bjorgvin

Bibelen på nett: www.bibel.no

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 200,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjevevja i Vaksdal

Grafisk utforming:

Wenche Horvei

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik,

5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

Alle? Ja, alle!

*Kvar den som kallar på Herrens
namn, skal bli frelst.*

Romarbrevet 10, 13

Det er ikkje kjekt å bli satt utanfor. Det er sårt å ikkje bli rekna med. Det kan vere i veneflokken, i familien, i arbeidslivet, i idrett. Somme gonger er det rett og slett ikkje plass til oss. Eit fotballag har eit bestemt tal på spelarar. Ein kvartett har fire medlemmar. Flyet har så og så mange plassar. Her kunne eg halde fram med dømer på at somme gonger og i somme høve er det plass til oss, andre ikkje.

Kva med kyrkja, då? Er det plass til alle der? Somme vil nok seie nei, kor rart det enn høyrer ut. Det er slike som til dømes tenkjer og seier at for å bli frelst må du leve og tenke slik og slik. Med det seier dei at frelsa er noko me gjev oss fortent til. Og det er jo noko ikkje alle kan få til. Såleis er det mange som ikkje kan bli frelste. Dette er dei religiøse tankane om korleis me vert frelste. Dei heilt menneskelege tankane. Kor sterk det ligg i oss, og på sett og vis vert overført frå generasjon til generasjon, fekk eg eit døme på for nokre år sidan. Eg overhøyrde nokre born, dei var vel om lag 4-5 år gamle, snakke sama på Geitabakken. Ein av dei sa noko slikt: «Du kan ikkje vere kristen, for du bannar». Slik vert nok sagt av menneske i alle aldrar, men her kom - som vanleg - «sanninga» frå eit barn. Slik tenkjer me menneske.

Men slik tenkjer ikkje Gud! Eit berande element i den kristne trua er at frelsa er ei gåve, ikkje noko me gjer oss fortente til. Somme gonger kan nok kristen forkynning – og vitnemål frå kristne – formidle noko anna. For me snakkar mellom anna om å leva eit helga liv, det vil seie at me lever eit liv som svarar til trua vår. Å freiste å leve rett er eit resultat av trua vår, og noko som skjer når Jesus får fylle livet vårt meir og meir. Likevel noko som me aldri kan lukkast med fullt ut. Det er difor me er avhengige av å *få* frelsa, ikkje *fortene* ho. Me snur det på hovudet viss me tenkjer at me fyrst skal få opp standarden på livet vårt før me kan våge å kalle oss kristne. Så ikkje la deg stoppe av eigne alle andre sine tankar om at du ikkje kan vere kristen fordi du ikkje er god nok!

Alle, rett og slett, skal bli frelste når dei kallar på Jesus. For meg er det heil avgjerande at mi teneste som prest ikkje berre er retta mot nokon få eller bestemte. Det er avgjerande at ikkje nokon vert halde utanfor. Somme menneske set andre og seg sjølve utanfor, det er så. Men Gud gjer det ikkje. Alle som kallar på Jesus skal bli frelst!

Med venleg helsing Frode Kvamsøe



Aud Karin Høgbråt, Kari Bulien og Anny Bjordam Leiren studerar framsida av messehakelen, medan Edvard Bø syner oss baksida.

- Skummelt, men veldig moro!

Anny laga messehakel til Stamnes kyrkje

Stamnes kyrkje har fått ein ny, grøn, messehakel. Ein messehakel er ei kappe, som presten nyttar under nattverd og elles i særskilde gudstenester. Det er fire symbolske fargar som er knytt til kyrkjeåret; kvit, raud, lilla - og den mest brukte: Grøn. Presten har desse fargane på seg, og i tillegg kan ein finne fargane att elles i kyrkjerommet. Konfirmasjonssundagen på Stamnes vart den nye messehakelen presentert for kyrkjelyden og teken i bruk for fyrste gong.

Anny Bjordam Leiren er den som har gjort det meste av arbeidet med messehakelen.

Ho vaks opp i Bamle i Telemark, og har ein eldre bror. - *Me vaks opp på ein liten og litt avsides gard, og hadde kyr, høns, hest og katt.* Planen var etter kvart å bli lærar men slik vart det ikkje. Ho hadde ikkje nok poeng til nett dei skulane ho søkte på. - *Eg skulle vel ikkje det, seier ho.* I staden vart det arbeid i butikk, for å ha noko å gjere på. Ho vart gift, og fekk ei dotter, men vart enke berre 31 år gamal. - *Det vart vanskeleg på mange områder, seier ho stille.*

Kom til Stamnes

Så hendte det at ein skipper, Kjell frå Stamnes, kom med båten sin til ein verkstad i

Kragerø. Noko hendte mellom dei to, og då båten var klar drog Anny - og dottera - til sjøs saman med Kjell. Halvanna år var dei ute. Kjell og Anny gifte seg, og Anny og dottera flytte til Stamnes. Der bygde dei etter kvart ein generasjonsbustad like ved heimehuset hans i Leiren. Og der har dei budd sidan. Kjell var mykje borte med båten, og Anny valde å vere heime for dei to døtrene si skuld.

Handarbeid har alltid hatt stor plass i Anny sitt liv. - *Det går mest i strikking, hekling og sying, men og formingsarbeid med anna materiale.* 12 år gamal sydde eg den fyrste kjolen

min, og då eg var på sjøen med Kjell hadde eg symaskin med! Nyleg har ho lært seg å lage perlebelte til bunad.

Anny har vore aktiv i mykje dugnadsarbeid i bygda. - *Det er veldig stor dugnadsånd på Stamnes, seier ho.* Kva andre verdiar synes du Stamnes har? - *Det er ein fredeleg plass. Tempoet er roleg. Det er fin natur her. Samhald i bygdefolket er godt, men det kan og vere vanskeleg å kome inn som ny her.*

Kyrkjeleg engasjement

Dei siste åra har Anny og vore engasjert i det kyrkjelege arbeidet. Ho sat i sokneråd i ein

periode rundt årtusensskiftet, og ho har vore medhjelpar i Barnekoret sidan det starta i 2001. Og no er ho altså kyrkje-kunstnar.

Er dette engasjementet noko du hadde med deg frå oppveksten? -*Det var lang veg til kyrkja der me budde, så me drog ikkje så ofte dit. Men eg var med i eit kristent ungdomskor, og då eg gjekk på realskulen i Kragerø var eg med i det kristeleg skulelaget. Anny trekte seg unna det kristne fellesskapet etter nokre vonde opplevingar, men fekk trua attende nokre år seinare.*

- *Barnekoret kan vere slit-samt til tider, men gjev meg og glede og gode opplevingar. Det er fint samhold og samarbeid i koret, seier ho. Deltakinga i barnekoret gjorde at ho vart betre kjent med kyrkjebygget heime på Stamnes, og følte seg etter kvart heime der. - Arbeidet i soknerådet og deltaking i dugnadsarbeid gjorde og eg vart kjent med kyrkja, eg føler meg vel der og har blitt glad i henne.*

Kva tyder kristentrua for deg? - *Trua gjev meg ei eiga tryggleik i livet, trass i tvil og spørsmål som eg har. Det skjer mykje uforklærleg i verda, noko eg finn vanskeleg når Gud skal vere ein kjærleg Gud.*

Går du til nattverd? - *Nei, eg har ikkje kjent meg verdig til det. Etter at me nærast vart tvungne til å gå til nattverd då me vart konfirmert har eg halde meg unna nattverden. Og no, diverre, kan eg ikkje ta imot nattverd om eg vil, grunna mat-intoleranse/allergi.*

Sakna grøn messehakel

På slutten av 1980-talet vart det starta eit arbeid med å få grøn messehakel til Stamnes kyrkje, og det var Olga Farestveit som skulle stå for den. Men før arbeidet hennar starta fann soknerådet ut at den som var på Eidsland var så utsliten at det heller skulle lagast ny til kapellet der.

- *I 20 år hadde eg ein draum om å sy ein messehakel, mellom anna etter at eg har sett den som er i heimekyrkja mi i Bamle. I samband med kyrkjubileet*

på Stamnes i 2011 vart det snakka om at dei skulle ha eit jubileumsprosjekt, og tanken om ny messehakel vart henta fram att. Anny vart kontakta med spørsmål om ho kunne ta på seg dette arbeidet. - *Det var*



Barnebarn og konfirmant Hanne Leiren Fossmark, Edvard og Anny.

ærefullt å få det oppdraget, men og skummelt. Og veldig moro, seier Anny. Arbeidet vart starta opp, og planen var å ha gåva ferdig til sjølve jubileet. Men arbeidet stoppa opp, mellom anna fordi ulike prosessar tok lengre tid enn ein rekna med. Men så vart det fortgang i arbeidet att, og i mars i år starta arbeidet til Anny for fullt.

Ideane til symbola i messehakelen kom Anny med, og soknerådet godkjent dei. Skissa vart teikna av Aud Karin Høgbråt, på dugnad. Ho er ein nær slektning av Anny, og bur på heimegarden hennar.

- *Me var veldig nøye med at fargane skulle passe inn med fargane elles i kyrkjerommet. Stoffet er vevd i bomull og lin av Kari Bulien. Krossen og sirkelen er vevd inn i stoffet. Bulien hadde med dette arbeidet sitt fyrste oppdrag i sitt nystarta firma, Vevbrikka. Ho*

tok jamvel turen frå Arendal til Stamnes berre for å vere med då messehakelen vart teken i bruk. Den lokale nemnda for messehakelen har vore soknerådsmedlemmane Olaug Lunde Stamnes, Eidrun Straume

vart kjøpt inn av pengegåver kyrkja fekk til 150-årsjubileet. Mellom anna gav Skutefolket, Idrettslaget og Kvinne- og Familielaget pengar, det same gjorde dei andre sokneråda i kommunen. Vaksdal kommune kom og med ein gaveskjekk. Anny gjorde sitt bidrag som dugnad, og heldt på i 169, 5 timar med sjølve arbeidet. Ho laga og eit grønt klede til lese-pulten, det arbeidet tok 8 timar. Og ho brukte fire timar på oppbevaringsposane ho laga. I tillegg kom all tida som gjekk med til tenking og planlegging. For ikkje å gløyme venting. - *Det var så mykje venting at eg var nære på å misse motet! Mellom anna tok det veldig lang tid å få godkjent messehakelen på bispedømekontoret. Det gjekk brev att og fram - mange telefonar vart det og - og der inne i Bergen brukte dei lang tid! Men han vart då ferdig - og då var det litt vanskeleg å gje han ifrå seg, syntes Anny. Sunday 12. mai kunne endeleg messehakelen presenterast for kyrkjelyden og takast i bruk. - Det eldste barnebarnet vårt, Hanne, vart konfirmert i kyrkja den dagen, og det gjorde dagen ekstra spesiell for meg, seier Anny.*

Intervju/tekst:
Frode Kvamsøe

Normann og Edvard Bø. - *Eg er takksam for støtta frå nemnda undervegs i prosessen, seier Anny.*

Materialet til messehakelen

Symbola i messehakelen:

Anker:

Stamnes er ein gamal ankringsplass, til dømes for næringsbåtane og kyrkjeskysen.

Y-krossen:

Symboliserar og dei tre fjordane som går frå Stamnes.

Kornaks:

Eit motiv ein finn att i altarduken.

Sirkelen:

Symbolet på æva.

I den gamle soknestova

på Stamnes hadde presten overnattingsplass før brua på Straume kom. Rommet var enkelt utstyrt, og då presten ikkje lenger nytta det vart ein duk, putevar og dynetrek plassert på kyrkjeloftet. Der fann Bjørg Dæmring Berge og Anny det då dei førebudde jubileet. Den grønruta duken er no blitt til pose til messehakelen. Halve dynetrekket er blitt pose til den raude messehakelen, den andre halvdelen skal bli pose til den gamle raude messehakelen.

Konfirmantar 2013



Konfirmantar i Vaksdal kyrkje 5. mai 2013

1. rekkje f.v.: Benedicte Adelén Helgesen Jordal, sokneprest Edvard Bø, Ingrid Jamne Kvamme. 2.: Eirik Mellesdal, Kristine Tolås Boge, Erik Andre Utskott Myre, Thomas Sæterdal Hægland. 3. rekkje f.v.: Brage Mellesdal, Oliver Våge Jordalen, Anve Sæterdal Hægland. Foto: Janne L. Berge.



Konfirmantar i Stamnes kyrkje 12. mai 2013

1. rekkje f.v.: Hanne Leiren Fossmark, sokneprest Edvard Bø, Benedicte Dybberg Ringdal. 2. rekkje: Charlotte Straume, Pål Hvidsten Hesjedal, Knut Skjervheim Vedaa, Cecilie Helen Nilsen. 3. rekkje: Runar Hesjedal, Emanuel Johnsen Lunde, Sander Gullbrå, Endre Kallestad Hagen.



Over: Konfirmantar i Dale kyrkje 4. og 5. mai 2013. Dei i 1. og 3 rekkje vart konfirmerte 4. mai, dei i 2. og 4. rekkje vart konfirmerte 5. mai
 1. rekkje f.v.: Henriette Holme, Camilla Furubotn Dalseid, Olivia Faugstad, sokneprest Frode Kvamsøe, Charlotte Ameline Kindem Fotland, Christina Hårvik Nieuwlaat, Andrea Småland Vildalen. 2. rekkje: Håvard Brekke Thorstensen, Ane Ulveseth Svensson, Eline Lid Lervik, Guro Bolstad Hesjedal, Synne Ragnvaldsen, Andrea Dahle Skjerveggen, Krystian Erwin Rodziewicz. 3. rekkje: Ragnar Lukas Owe, Inge Fotland, Kjetil André Trengereid Hop, Martin Gjermo Schønning, Marius Johnsen Davidsen. 4. rekkje: Benjamin Ellingsen, Olav Stokke Bøe, Endre Lid Øie, Jacob Hårvik Tvedt. 4. mai-konfirmantane Tim Flügge Terjesen og Julie Balestrand Ulveseth var ikkje med på fotograferinga. Foto: Janne L. Berge.

Til høgre: Konfirmantar i Nesheim kyrkje 25. mai 2013

1. rekkje f.v.: Jorill Nese, Hanna Gullbrå, Tollefsen, Ingeborg Furevikstrand. 2. rekkje f.v.: Audun Øvstedal, Thea Flatekval, sokneprest Frode Kvamsøe. Foto: Torbjørn Urke.

Konfirmasjonstida er over!



Konfirmasjonstida er over. Det har vore sjølve konfirmasjonen, Ung Messe og Alpha-avslutning. Det vil seie: Dei fem konfirmantane i Eksingedalen var ikkje med på Alpha-opplegget. Og i staden for Ung Messe var dei med og laga preika i sjølve konfirmasjonsgudstenesta.

Som ein del av Alpha-avslutninga laurdag etter påske, skulle konfirmantane spreie litt godleik i lokalmiljøa sine. Det gjorde dei med å dele ut vaflar i eller utanfor butikane, og ta på seg praktiske oppgåver folk kunne tenk eg hjelp med. Det siste vart det ikkje så mykje av, det er vel litt uvant for mange å få ei slik hjelp. Men då det no vart slik at det snødde den dagen fekk i alle fall nokon hjelp med måking! Og utde-

ling av vaflar fekk ein ekstra dimensjon på Stanghelle, då dei delte ut vaflar og kaffi til dei som sto i kø grunna vegstenging etter rastet same dag.

Me som har vore med konfirmantane dette året vil takke dykk for eit fint år. Særleg gjennom Alpha-opplegget har me lært mange av dykk betre å kjenne. Og det har vore fint!

Så difor:

Hugs at de framleis høyrer til i fellesskapet, så bli med anten det er på KUL, i husfellesskap, på gudstenester eller andre møtestader der de kan møte Jesus - og menneske som trur på han.

I et fellesskapet kan de finne hjelp til vidare tru på Jesus.

Helsing konfirmantleiarane

Salmeprosjekt for konfirmantar

I samband med ungdomsåret i Bjørgvin ynskjer ein her i Vaksdal å setje fokus på ungdom.

Eit av tiltaka vil vere ein salmekonsert for ungdom. Salmene vert arrangert ut for band i ny rytmisk/moderne drakt av kantor Olav Arne Steinkopf. Han har gjennom ei årrekkje jobba med å tilpasse salmar inn i eit meir moderne musikkuttrykk. Det musikalske uttrykket vert ei blanding av pop, rock og jazz. Ein ynskjer kvalitet på det som vert gjennomført og vil bruke profesjonelle utøvarar i samarbeid med amatørar lokalt.

Gudstenestereform – samlingsbøn

Kven minnest ikkje den gamle klokkarbøna?

Den har vore sakna av mange, og har fleire gongar vore etterspurt.

I den nye gudstenestereforma er bøna tilbake, med namnet samlingsbøn. I motsetning til tidlegare er det mogleg å velje mellom fleire ulike bøner. For kyrkjene i Vaksdal har me valt fleire alternativ mynta på ulike høve. Ein har òg valt den varianten som liknar mest den gamle klokkarbøna. Stamnes sokn har særskilt valt at når denne nyttast, er det den opprinnelege gamle klokkarbøna ein skal nytte. Dette er ei av dei lokale tilpassingane som er gjorde. Fr

Framføring av samlingsbøna er det lagt opp til at ein medliturg kan gjere.

Her er nokre bilete frå Alpha-avslutninga laurdag 6. april:



T.v.: Konfirmantane delte ut vaflar, bollar, kaffi og saft på Vaksdal senter.

T.h.: Taco til middag slår vel aldri feil?
Foto: Marius Johnsen Davidsen



Over: Masse tid til å slappe av var det og.
Foto: Marius Johnsen Davidsen

T.h.: Lovsingskonsert om kvelden med både lokale folk og tilreisande. Nett her i roleg modus, andre delar av kvelden var det opp og stå!
Foto: Marius Johnsen Davidsen





Lokale krefter både blant sangarane og musikanane.

Musikkgudsteneste i Vaksdal kyrkje

Søndag 21.april var det ei unik gudsteneste i Vaksdal kyrkje. I staden for preika vart verket "Spill din glede" av Henrik Ødegård framført. Komponisten sjølv var dirigent. Medverkande var eit kor med omlag 140 songarar, hovudsakleg barn

mellom 9 og 15 år. Medverkande var eit orkester med dyktige musikanar: Morten Skage - kontrabass, Adrian Kydland Skaftun - gitar, Ingrid Øygard Steinkopf - fløyte, Rolf Kristoffer Seldal - slagverk, Tone Synnøve Øygard

Steinkopf - orgel.

Koret som deltok var songarar frå "Ung kirkesang" sitt vartreff i Sætervika leirstad i Samnanger. Denne helga var nemleg barn frå korskulen i Vaksdal og frå barnekor i heile Bjørgvin samla for å øve, syngje og ha det kjekt i

lag.

Det var dåp i gudstenesta, og både dåpsfolk, prest og andre som skulle til gudsteneste tok tog frå Dale og Stanghelle då vegen var stengt grunna ras.



Jamvel galleriet var fylt med songarar. Songarar frå Korskulen i Vaksdal i blå genserar.



Den nydøypte Samuel Sandvik Lee på veg heim me tog, trygt plasserte mellom pappa Christopher Mark Lee og mamma Laila Suzanne Sandvik.

Korskulen med nykomposisjon av Kristin og Olav Arne



Tekstforfattaren lydde godt etter under urframføringa av songen. Foreldra Eidrun og Arne Normann sit på kvar side, og sonen Jakob på fanget.

Nyleg hadde Korskulen i Vaksdal konsert i lag med Kilden i Dale kyrkje. Dette var ein konsert med presentasjon av repertoar ein har øvd på i vinter. Den nyaste songen av alle var ein lokalt laga song!

Ung kirkesang (UKS) lyste i haust ut ein konkurranse der ein ynskte nye komposisjonar med utgangspunkt i kjerne-tekstar til trusopplæringa, med leveringsfrist 1. februar. Vinnarane får songane sine utgjevne på Kirkesangforlaget. Olav Arne Steinkopf tok kontakt med Kristin Straume Audestad for at dei saman kunne lage singlar til konkurransen. Dei leverte to bidrag og juryen valde ut begge desse songane til å verte utgjevne. Dei er enno ikkje komne på trykk,

men sidan korskulen har førstehandskjennskap til både tekstforfattar og komponist, var det ikkje vanskeleg å kunne framføre verket.

Songen som vart framført heiter «Maria og Marta» og handlar om desse to systrene som får Jesus på besøk og kva prioriteringar dei då gjer

attfortalt på ein spennande måte av tekstforfattaren. Musikken er i lett jazzstil og følgjer teksten på ein god måte. Korskulen framførte den altså på konserten der begge skaparane hadde born i koret og solist på siste verset var dotter til Kristin; Ingeborg Audestad.



Torvedalsstemna 100 år 28. juli



Torvedalen.

Foto: Svein Ulvund

Både Vaksdal og Vossestrand prestegjeld har rike tradisjonar med fleire friluftsgudstenester på sumarstid. Nokre av desse er i samarbeid med nabo-prestegjeld. Dette året er det hundreår sidan det fyrste Torvedalsstemna, eit fellesarrangement i mange år mellom folket i Eksingedalen og Vossestrand. Det starta i 1913 og var den siste sundagen i juli like fram til 1965.

Det kunne vera mykje folk som kom saman på det som vart starta av indremisjons-venar på begge sider av fjellet. Stortingsmann Nils Lavik var ofte talar. Det same var andre lokale forkynnarar, presten Johan Brakestad, forutanom strandaprestane Ulltveit og Lunde. Også Olav Hagesæther, seinare biskop og far til biskop Ole Hagesæther har vore der som talar. Myrkdalen Musikklag var ei årrekkje med. Dessutan har også Voss Indremisjonskor og mindre songgrupper.

Sjølve turen i fjellet, matøkt og sosial prat var ein viktig del av samkoma. Vossestrand sokneråd og dei to sokneråda i Eksingedalen vil gjerne markera dette hundreårsjubiléet med ei friluftsgudsteneste 28. juli kl.14 der underteikna vil forretta.

Korleis koma til Torvedalen?

I dag er Torvedalen ei av hyttene til Voss Uterfdrslag. Det er gode T-merka stiar frå fleire kantar. Kortaste veg er 3-4 km gange frå bilvegen mellom Gullbrå og Grøndalsvatnet. Ein reknar 1-2 timar over Holegavlen. For strendingane er det om lag 3 timar frå Reppane ovanfor Engjaland.

John Ove Thuale,
sokneprest i Vossestrand

NRK TV viste i 2004 ein serie språkprogram med navnet "Typisk Norsk", og sjåarane vart inviterte til å foreslå og deretter stemme fram eit norsk nasjonalord. «Dugnad» vann hårfint framfor «jah» (på innpust), «matpakke», «hæ» og «koselig».

Oppskrift på ein god dugnad

Finst det oppskrift på ein god dugnad?

Sjølv om ordet er norsk, er dugnad mindre vanleg i Noreg enn i andre land. Likevel vert det trekt fram av mange frivillige organisasjonar som sjølv fundamentet for drifta. Idrettslag, musikkorps, Røde kors og Den Norske Turistforening er avhengige av dugnad for å få hjula til å gå rundt. Både gjennomføring av aktivitetar, og finansiering av desse, kan vere tufta på dugnadsinnsats. I nokre høve har dugnad fått rykte på seg som "tvangsarbeid" eller "frivillig tvang", både av fotballsjåførar og burettslagsmedlemmar.

Nokre fjernsynseriar har vel bygd opp under slike klisjear, og gjeve dugnad eit negativt preg. Her i bygdene er det heilt tydeleg eit meir samansett bilete, og gjerne med eit positivt forteikn. I alle fall i dei delane av kommunen der dugnader har vore både til nytte og hygge. Både før og no har dugnader vore like mykje som eit slag kurs, der handverkstradisjonar har vorte førte vidare til neste generasjon.

Kostnadsfritt og sosialt, med gode opplevingar. Slikt er verdifullt å ta vare på..

Ei tenkt oppskrift på ein vellukka dugnad. – og ei utfordring til å gjere oppskrifta betre. Før me lager denne oppskrifta må me ha nokre kjørereglar. Me kan ikkje

blande inn manglande løyvingar og politiske prioriteringar, ruskever, tvangsmulktar for manglande frammøte, store delar mismot, eller for mykje E-stoff. (E- som i Eg vil ikkje, eller Eg kan ikkje) Her er sol og glede.

Opphavet til ein dugnad kan vere både rein rutine, naud, eller lyst. Lat oss i dette høvet gå ut frå at me er i ei heilt vanleg knipe:

Me treng hjelp til å måle ein kyrkjevegg, klippe ein hekk, rette opp gravsteinar, jamne ein holete gravplass, pusse ei dør, kitte eit vindauge, måle ein port, pusse ei messinglysekrone. Korleis går me fram?

1 Avgrens arbeidet - planlegg godt.

Det er flott om me rekk alt, men lite truleg at me rekk alt på ein gong.

Ta eit steg om gongen. Me lagar ei liste over alt som skulle/burde vore gjort, heilt konkret.

Me treng ikkje, og kan ofte ikkje, ta alt samstundes. Dersom arbeidet kan delast opp i høvelege bolkar, og tida vert avgrensa, kan fleire våge å melde seg på. Det er ofte meir effektivt å bruke to timar nokre kvelder i vekene, enn å setje av ein heil laurdag. Eit val må gjerast.. Ei god planlegging gjer at rett utstyr, som fungerer, er på plass når arbeidet skal starte. Å vente på at "nokon" skal kome med nøkkelen,



høgtrykkspylaren, tilhengaren, hekksaksa eller stigen er ikkje bra for framdrifta eller motivasjonen. Då er det betre å samle inn dette på førehand.

2 Lokal styring.

Ikkje ver redd for å ta ansvar for arbeidet

Mange kvier seg for å stå fram som "sjef" på dugnaden, men det er veldig greitt for dei som møter å ha ein høvding å spørje om ting. Då kjenner ein seg trygg på at ein gjer nytte for seg, og har helst fått ei konkret oppgåve. Ein må og kunne ringje nokon på førehand og høyre om det er bruk for utstyr som ein sjølv har.

Det beste er om me har ein eller fleire personar på staden, som kan stå for tilrettelegginga. Me har svært gode erfaringar med dugnader som er styrde slik. Då kan kyrkjeverja, eller den lokale råds-/lagsleiaren, syte for innkjøp av måling og reiskapar, og skaffe stigar, stillas eller lift etter kva som trengs. Metodar og løysingar vert drøfta, og me kan gjere eit val. Det vert sytt for opplåsing og lukking, rydding, avsperring.

Undervegs: *Gode idear kan kome som lyn frå klår himmel, og ikkje alle let seg gjennomføre der og då. Ta godt vare på gode innspel, som kan brukast seinare.*

3 Inkludering!

Ein vellukka dugnad inkluderer alle dei som stiller opp, anten dei kan klatre i stige eller ikkje. Den lokale dugnadsleiaren bør ha eit utval av store og små oppgåver, til både store og små.

Ei god liste med dei konkrete oppgåvene som skal gjerast bør vere synleg og tilgjengeleg for alle. Då kan ein finne sin plass og få gjere nytte for seg, sjølv om ein ikkje rakk å kome før andre kvelden, eller andre timen. Kanskje ein slepp spørje høvdingen om kva som skal gjerast, og.

4 Kunnskapar trengs!

Folk flest har peiling på mykje rart.

Nokon vil utan tvil vere nøkkelpersonar for å få eit vellukka resultat, særleg ved litt kompliserte oppgåver, men dette må ikkje ekskludere andre i å ta del. Og du kan lite på at det er svært mykje god detaljkunnskap

hjá folk, sjølv om dei kan ha eit dagleg arbeid som er ulikt denne oppgåva.

5 Mat trengs og.

Gje folket ei vaffel

Dersom ein skal "hive seg rundt" og stille opp på dugnad, er det greitt å kunne få noko å bite i. Ikkje alle rekk å ete middag før ein startar. Nokon tykkjer til og med at det kan vere eit "åvheft" med den lange matøkta der alle dei gode historiene skal formidlast. Andre gler seg like mykje til vaflane og det sosiale som til arbeidet. Forståeleg nok. Difor er det kjekkast når det finst noko å bite i, då kan ein i alle fall velje sjølv. Kaffi og vatn er eit minimumskrav.

6 Påskjøning

Gje dugnadsgjengen ein bauta.

Det skulle vel berre mangle om ikkje alle som har delteke får skryt og vellete. Kjensla av å gjere nytte for seg, treng me vel alle. På ein eller anna måte, på eit eller anna tidspunkt, bør det gjerast kjent kva arbeid som er gjort, og kanskje kven som deltok. I nett passelege mengder.

Så kan me kose oss på nordmenns vis, og gle oss til neste dugnad.

Å lage ei oppskrift for ein vellukka dugnad er verkeleg ei utfordring. Det viser i stykket over. Difor sender eg like godt utfordringa vidare til alle de som har erfaring med slikt. Send gjerne inn høvelege oppskrifter, og døme på gode vellukka dugnadsøkte som me kan bruke til å "finslupe" den lokale varianten av dette faget.

Svein Tøsse
Kyrkjeverje

Ny prest frå Vaksdal

Det er inga spøk, 1. april 2013 vart Ragnhild Lakang Nordmark Due ordinert til prest i Den norske kyrkja. Det skjedde i Nesset kirke i Indre Romsdal ved biskop Ingeborg Midttømme, staden Ragnhild no er tilsett som sokneprest. Me gratulerer Ragnhild med vigslinga til presteteneste, og ynskjer henne alt godt i arbeidet.



Biskop Ingeborg Midttømme, forbedarar og Ragnhild med familien samla etter ordinasjonen. Framme til høgre er mannen Kristian, så mot venstre borna Per Kristian og Dagny Linnéa – og Ragnhild i midten..

Foto: Per Inge Haugen

Ei Herrens tenarinne med afrikanske røter

Ragnhild Lakang vart fødd i 1981 i Kenya og fekk sine første 2 ? år i Sudan. Lakang er eit afrikansk førenamn som ho fekk ved sida av det norske Ragnhild. Familien kom heim til Norge og Ragnhild vaks opp på Boge. Her fekk ho eit naturleg forhold til kyrkje og kristenliv. Som ho sjølv seier har ho gjennom åra klatra over dei fleste kyrkjebenkane i Vaksdal kyrkje.

Ragnhild Lakang har tatt teologiutdanninga si på Misjonshøgskolen i Stavanger. Der gjekk ho frå 2004 og var ferdig til jul i 2012. Eit semester har ho vore i Tanzania. Ragnhild er gift med Kristian Due. Dei har to born. Kristian er òg prest, og har fått seg ei stilling på Bispekontoret i Molde.

Ein fantastisk festdag i Nesset

Som prest frå heimplassen tok underteik-

na turen til Nesset for å feire den store dagen saman med Ragnhild og familien. Ho vart helsa frå Vaksdal kyrkjelyd, og både ektemann og heimepresten var med blant dei som la hendene på henne og ba saman med biskopen under vigslinga.

Vi spør Ragnhild om hennar tanker rundt dagen?

- Eg fekk ein flott og varm velkomst til Nesset med ei fullstappa kyrkje, og påfølgjande kyrkjekaffe på bedehuset. Det var ei god oppleving, og ei sterk kjensle av kallet til presteteneste som vart konkret stadfest frå kyrkje og biskop. Eg opplever at eg no er komen på rett plass. Her trivst heile familien allereide godt etter berre nokre veker på plassen. So vil me få helse heim til alle kjende på Vaksdal, seier Ragnhild Lakang.

Edvard Bø

Kronerulling

Me innbyr til kronerulling for å skaffe nytt lerret og dataframvisar i Vaksdal kyrkje.

Me treng ei oppgradering av utstyret som vert brukt til å vise salmar og liturgi i kyrkja. Det er naudsynt å nytte anten data eller skriftlege program når me no har innført den nye gudstenesteordninga. Til jul kjem det ny salmebok som kan nyttas digitalt.

Med nytt lerret og oppheng vil framvisinga sjå betre ut i kyrkja. Kvalitet på framvisar og lerret vil sikra at kyrkjelyden kan sjå sjølv om dei sit lengst bak i kyrkja.

Den innsamla summen vil gå til å finansiere lerretet og ein fastmontert framvisar bak i kyrkja.

Kostnadene og arbeidet vil kome på til saman ca. 50-60 tusen kroner. Kjapp hoderekning vil då tilseie at om 50 personer gjev tusen kroner kvar, så har med dekkja utgiftene, eller 100 personar gjev kr 500. Beløpa er berre ei oppmoding. Me tek imot alle gåver, små og store. Gåvene kan setjast inn på eiga innsamlingskonto for Vaksdal sokneråd, kto. 3530 23 95746 Hugs å merke med namn, og at det gjeld kronerulling Vaksdal kyrkje. Me vonar på god respons og trur at dette kan verte til god nytte og velsigning i kyrkja framover. Ta gjerne kontakt for informasjon med Edvard Bø, 90840624 eller Kyrkjeverje Svein Tøsse, 56593921.

Helsing Edvard Bø



500 kronestykke. Ver med og bidra til nytt teknisk utstyr i Vaksdal kyrkje

Gudstenester i friluft

Denne «sesongen» og er det mange utegudstenester rundt om i kommunen.

Sundag 9. juni: Fitjvasstemna, på fjellet mellom Vaksdal og Samnanger

Sundag 30. juni: Støls gudsteneste på Høgestølen i Bergsdalen.

Sundag 28. juli: Torvedalsstemna i Eksingedalen. Sjå eiga omtale.

Måndag 29. juli: Olsokstemna på Leiro (Eidsland).

Sundag 11 august: Dalastemna, ved Storavatnet mellom Eksingedalen og Modalen. Sjå eiga omtale.

Sundag 25. august: «Fest på kjerka» i Messehagen på Dale.

Sjå i gudstenestelista for meir informasjon.

Før Kyrkjebladet kom ut har det allereie vore gudstenester i Skipshelleren og i Agnavika på Stanghelle.

Bispevisitas i mars

11.-16. mars vert det bispevisitas i Vaksdal, 16 år sidan førre gong. Det vert ikkje program laurdagen, og kan hende heller ikkje fredagen i den veka. Nærare program kjem me attende til.

Stamnesorgelet 50 år

Sundag 9. juni er det 50 år sidan orgelet i Stamnes kyrke kom!

Min salme

Salmestafetten går vidare. Sist var det Ingrid Leiren som kom med sitt bidrag, og ho utfordra namnesystra Ingrid Verpelstad.

Her er hennar bidrag:

Då eg vart utfordra til å gje eit bidrag til «Min salme», tenkte eg det måtte no vera enkelt og fort gjort. Men då eg sette meg til å bla i salmeboka, vart det vanskeleg å velja. Det er så mange fine salmar, og mange passer til ulike situasjonar, ulike høgtider og ulike sinnstemningar. Det var ikkje lett å velja ut ein salme, men etter å ha bladd salmeboka att og fram fleire gongar, fall valet på nr. 335.

«O Jesus, åpne du mitt øye, så jeg kan se hvor rik jeg er.»

Den er skriven av Lina Sandell i 1861 og oversett til norsk i 1877, så det er ein gamal salme, og for meg ein meiningsfylt og god salme.

Ingrid Verpelstad

Ho utfordrar Lise Lotte Småbrekke til å koma med neste bidrag til Min Salme.

Tekst: Lina Sandell 1861

Omsetjing: Til norsk 1877

Melodi: Heinrich Pfeil 1800-t

- 1 O Jesus, åpne du mitt øye,
så jeg kan se hvor rik jeg er!
Jeg har en Fader i det høye
som faderomhu for meg bær,
som faderomhu for meg bær.
- 2 Jeg har en bror som ved Guds side
vet om min sak og ber for meg.
Jeg har en nådestrøm så vide
: som himlens hvelving strekker seg. :|
- 3 Jeg har en talsmann tro i nøden,
en trøster og en hjelper god.
Jeg har et evig liv i døden,
: en evig fred i Jesu blod. :|
- 4 Jeg har et evighetens rike,
et nåderike, det er sant.
Jeg har en krone uten like,
: en arv som Jesus til meg vant. :|
- 5 Ei burde jeg da gå og sørge,
jeg er en mektig konges brud,
skjønt tvil og vantro vil meg spørre:
: Hvor er din høyhet og ditt skrud? :|
- 6 O Jesus Krist, forøk meg troen,
så jeg kan se min herlighet,
og aldri, aldri glemme kronen
: du har beredt fra evighet! :|

Norges Samemisjon:

Fagertunstemna 16. juni

Kl. 11:00: Gudsteneste i Eksingedalen kyrkje.

Etter gudstenesta: Matøkt med medbrakt mat og kaffi/te laga på Fagertun. Basar.

Dette kan så stå viss det er plass:

Norges Samemisjon si barneforeining i Eksingedalen ligg for tida nede, men det er likevel trufaste "Fagertunvenner" i dalen som arbeider heile året gjennom for å kunne lodde ut flotte gevinstar. Me håpar mange tek turen og er saman med oss denne dagen!

Norges Samemisjon fyller 125 år i år

Jubileumsprogram:

Laurdag 31. august kl 19.00:

Fest i Øystese Bedehus.

Variert program med konstituert generalsekretær i Norges Samemisjon, Thor Henrik With som talar.

Søndag 1.september kl. 11.00: Gudsteneste i Øystese kyrkje.



Dalastemna 2012.

Foto: A.M. Eikefet

Dalastemna 2013

Under sist krig kom det opp ein tanke om at folket i Modalen og Eksingedalen skulle møtast på fjellet til ei stemne. Den 19.juli 1942 vart den fyrste stemna tillyst, og om lag 180 menneske tok turen til stemneplassen ved Storvatnet på fjellet mellom Farestveit og Flatekval. Eldste mann til fjells var 80 år gamle Nils Almelid. Modølene tok med flaggstong og i Eksingedalen hadde dei flagg. Johs. A. Lavik sa det slik: "Og flagget vart standande så det lyste langan lei".

Det vart ein årleg tradisjon heilt fram til 1953. I 1998 vart tradisjonen teken oppatt, denne gongen som eit samarbeid mellom sokneråda i Modalen og Eksingedalen. Fram til no har det vore kyrkja i Vaksdal som har sytt for prest til gudstenesta på fjellet. Dei ynskjer no avlysing; i år har vi vore så heldige å få Helge Hitland til å halda gudsteneste – ein gamal modalsven, godt kjend for dei fleste. Stemnedagen i år er fastsett til 11. august. Om veret vert ulagleg, vert det gudsteneste i kyrkja på Mo. Sjå eiga kunngjering seinare.

Harald Farestveit
Kyrkjeverje i Modalen

Kyrjekonsert i Mo kyrkje

Søndag 30. juni vert Modalsdagane avslutta med konsert i Mo kyrkje kl. 19.00.

*Gjester i år er Åsne Valland Nordli,
Sigbjørn Apeland og Nils Økland.*

Åsne kjem frå Norheimsund og byrja tidleg å syngja religiøse folketoner. Ho har spelt inn tre soloplatar: Den ljose dagen, Julekvad og Himmelske Balsam og sødeste Drue. Ho har engasjert seg i Ungdom i Oppdrag sitt arbeid for gateborn i Romania. Åsne vert akkompagnert av Nils Økland og Sigbjørn Apeland. Noter deg datoen!



CD-en kostar kr 100,-
og kan kjøpast hjå lokale forhandlarar eller gjennom Kyrjekontoret

Program i Dale kyrkje under Daledagane, 6.- 8. juni:

Torsdag kl. 20.00: Konsert med Dale Mannskor med fleire.

Fredag kl. 19.15: Minikonsert med Kilden

Fredag kl. 23.00: Nattkonsert med Per Jørgensen,

Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygaard Steinkopf

Laurdag kl. 10.15: Konsert med kantorane

Laurdag kl. 15.15: Musikkandakt

Open kyrkje fredag kl 17.00-19.00 og laurdag kl. 10.00 – 16.00.

Sjå programmet for Daledagane for fleire opplysningar.



Kirkens SOS er Noregs største kriseteneste på telefon og internett.

**No treng vi
fleire frivillige
medarbeidarar til
vaktrommet i Bergen**

Oppgåva di er å lytte og tenkje høgt saman med den som tek kontakt. Du skal ikkje gje råd eller løyse den andre sine problem.

Du får innføringskurs, rettleiing og vidare fagleg oppfølging så lenge du er med i tenesta. Vanleg vaktturnus er 2 vakter i månaden, tilpassa din kvardag.

Kirkens SOS er ein døgnopen kriseteneste, tilgjengeleg via telefon, SOS-melding og SOS-chat.

Du må vere mellom 20 og 80 år, og du må ha avstand til eigne kriser. Kurset er gratis og omfattar undervisning om samtalemotodikk, og om kva som kan gje håp og livsmot når livet er vanskeleg. Kursstart 30. september.

Interessert?

Kontakt:

Kirkens SOS i Bjørgvin, tlf 55 32 58 45 /
mob 941 83 654

Epost: bjorgvin@kirkens-sos.no

Meir informasjon på www.kirkens-sos.no/bjorgvin

Kyrkjebøker i Vaksdal

Alle bøkene kan kjøpast på Kyrkjekontoret

Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år.

111 sider - **NY PRIS kr 150,-.**


Kan kjøpast i butikkane på

Lavik. Kan òg kjøpast hjå

boknemnda: Albert Gullbrå,

Nils N. Nesheim og

Asbjørn Nese.



Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen

kyrkje 50 år. 220 sider -

NY PRIS kr 200,-

Kan kjøpast her:

Dale: Gyda

Bergsdalen: Hjå medl. i


soknerådet og i kyrkja



Kyrkjestaden Dale 100 år

(1996)


104 sider – kr. 50,-.



Soga om Stamneskyrkja

(1986)

239 sider – kr. 50,-.



	<p>Teikning og prosjektering av Hus, hytte, garasje, terrasse, ark Ombygging av nye og gamle hus.</p> <p>Hjelp til byggesøknader</p>
<p>Meterstokken</p>	<p>Ing. Svein Tøsse Tlf. 56 59 80 71 svein.toesse@vaksdalnet.no</p>


ARNPRO 

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

	<p>Liv Anne's AS</p>
<p>Kafé – Bakeriutsalg – Catering 5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50</p>	
<p>Brød og kaker fra Hjelle Kaldtbord Snitter</p>	<p>Minnesamvære: • Dekking • Mat • Servering</p>

 **BKK**

- vi gir morgendagen nye muligheter

	<p>Opningstider: Mån-laur 8-20 Søn 12-20</p>
<p>Avd. 405 Dale</p>	
<p>5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01</p>	

**SÆTERDAL
ELEKTRO**

Me leverer alt
innan elektrikartenester.
Tlf. 56 59 43 00

 **SparebankenVest**
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

 **VAKSDAL BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.
*Kransar - Sløyfer -
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

Ve vangen elektriske a/s
AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 www.vangen-elektriske.no

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

 **STEINRIKET
DALE AS**

• Navntilføyelser • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

Frys du???

AO-senteret KF kan hjelpa deg med:

- Ved
- Tøva tøflar
- Ullsjal / Halsar
- Pulsvarmarar
- Babyteppe

DIN BUTIKK PÅ DALEGARDEN

Opningstider: 7.30 - 15.00
Tlf. 56 59 67 78 • aosenteret.no
ao-senter@vaksdal.kommune.no



Dale of Norway
56 59 54 00



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet
56 59 89 34

TOMME-
STOKKEN BYGG AS

NorDan Bytt til meir energisparande vindauge og merk forskjellen i vinter!

Vi utfører alt innan nybygg og rehabilitering.

Tlf. 477 50 467 og 481 44 680

**UTFØRER ALT INNEN
TØMRERARBEID**

**BYGGMESTER
FRED BJØRNBERG AS**

Tlf. 56 59 78 88
fred@vaksdalnet.no

SLEKTERS GANG

DØYPTE



Vaksdal

21.04.2013 Samuel Sandvik Lee
05.05.2013 Caspian Steinsbø

Dale

24.03.2013 Olivia Faugstad
24.03.2013 Amanda Faugstad
24.03.2013 Amalie Høvik Olsen
24.03.2013 Imre Boge
04.05.2013 Andrea Småland Vildaen
05.05.2013 Liam Carlsen Tysnes

Bergsdalen

31.03.2013 Hermine Sigurdson Aschehoug
31.03.2013 Mia Pettersen
31.03.2013 Emanuel Mbogo-Svensson

Stamhnes

10.03.2013 Tia Celine Mo Lilletvedt

DØDE



Vaksdal

28.02.2013	Gerhard Rødberg	1933
07.03.2013	Lorentze Boge	1924
03.04.2013	Egil Blomdal	1938
13.04.2013	Einar L Langhelle	1926
21.04.2013	Lilly Hanevik Erstad	1925
03.05.2013	Klara Hagebø	1915

Dale

27.02.2013	Marta Sperle	1927
05.03.2013	Reidar Andreas Vatle	1928
21.03.2013	Marta Dahle	1931
27.03.2013	Sofie Målfrid Eikevik	1926
28.03.2013	Marie Hjørnevik	1923
12.04.2013	Greta Faugstad Starö	1931
03.05.2013	Hans Kvernes	1947

VELKOMEN TIL KYRKJA

Sundag 9. juni

3. søndag i treeiningstida
STAMNES KYRKJE kl. 11:00 Gudsteneste. Frode Kvamsøe. Nattverd. Dåp.
FITJAVATNET/NORDVIKASETER kl. 12:00 Fitjvasstemna. Edvard Bø.

Sundag 16. juni

4. søndag i treeiningstida
DALE KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Edvard Bø. Nattverd. Dåp
EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11:00. Fagertunstemna / Familiegudsteneste.
Liv Rolfsnes og Frode Kvamsøe. Nattverd. Dåp.

Sundag 23. juni

5. søndag i treeiningstida
VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Edvard Bø. Nattverd. Dåp.

Sundag 30. juni

Aposteldagen / 6. søndag i treeiningstida
BERGSDALEN kl. 15:00. Støls gudsteneste på Høgestølen. Frode Kvamsøe

Sundag 7. juli

7. søndag i treeiningstida
DALE KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Frode Kvamsøe. Nattverd. Dåp.

Sundag 14. juli

8. søndag i treeiningstida
STAMNES KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Frode Kvamsøe. Nattverd. Dåp.

Sundag 21. juli

9. søndag i treeiningstida
VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Frode Kvamsøe. Nattverd. Dåp.

Sundag 28. juli

10. søndag i treeiningstida
TORVEDALEN kl 14:00. Torvedalsstemna 100 år/Friluftsgudsteneste.
John Ove Thauale. Sjå eiga omtale ein annan stad i Kyrkjebladet.

Måndag 29. juli

Olsok
LEIRO (Eidsland) kl 18:00. Olskokstemna/Friluftsgudsteneste. Edvard Bø.

Sundag 4. august

11. søndag i treeiningstida
STANGHELLE BEDEHUS kl. 16:00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Nattverd.
Kyrjekaffi.

Sundag 11. august

12. søndag i treeiningstida
VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Edvard Bø.
Nattverd. Dåp.
STORAVATNET kl. 12:00. Dalastemna/Friluftsgudsteneste.
Helge Hitland. Sjå eiga omtale ein annan stad i Kyrkjebladet.

Sundag 18. august

13. søndag i treeiningstida
NESHEIM KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Edvard Bø. Nattverd. Dåp.

Sundag 25. august

14. søndag i treeiningstida
DALE kl. 11:00. "Fest på kjerka"/Friluftsgudsteneste i Messehagen på Dale, i samarbeid med Sjømannskyrkja. Frode Kvamsøe. Presentasjon av konfirmantane. Torsdagsklubben. Kyrjekaffi.
STAMNES KYRKJE kl. 17:00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Nattverd. Dåp.
Presentasjon av konfirmantane. Kyrjekaffi.

Sundag 1. september

15. søndag i treeiningstida
BERGSDALEN KYRKJE kl. 11:00. Bergsdalsstemna/Hausttakkefest.
Frode Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Matøkt og program etterpå.
VAKSDAL KYRKJE kl. 18:00. Ungdomsgudsteneste. Edvard Bø. Nattverd. Dåp.
Presentasjon av konfirmantane.

Sundag 8. september

16. søndag i treeiningstida
EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Frode Kvamsøe. Nattverd.
Dåp.

Sjå annonsar i lokalavisa og oppslag for eventuelle endringar.



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsøm

bunadsølv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no